

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER KOMMUNE

VEDTEKE I KOMMUNESTYRE 22.02.2024

Lovgrunnlag og prinsipp for drifta

Skulefritidsordninga (SFO) driv i samsvar med lov, forskrifter og kommunale og lokale retningslinjer.

Vedtektene for SFO er heimla i [Opplæringslova § 13-7](#) , [Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skulefritidsordningar - Lovdata](#) og er i samsvar med [Forskrift om rammeplan for skulefritidsordningen](#).

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 5.-7. årstrinn. Samnanger kommune eig SFO og kommunestyret har det overordna ansvaret for å skapa gode rammer i samsvar med dei lokale tilhøva.

Kommunestyret skal godkjenne SFO sine leike- og opphaldsareal, og vedta kommunale retningslinjer for organisering, rammer for drift og kriterium for opptak. Kommunalsjef oppvekst har eit overordna ansvar for administrativ styring og utvikling av eit samla oppvekstområde. Rektor er saman med SFO-leiar ansvarleg for forvaltning og pedagogisk drift. SFO skal vere ein del av skulen sitt samla tilbod.

Foreldremedverknad

Samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU) og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal ivareta foreldra sine interesser i høve til SFO. Skulen skal gje foreldra høve for å vurdere innhald og kvalitet , samt å få uttala seg i saker som er viktige for tilhøve til SFO i tråd med [opplæringslova §11-1 og 1a](#).

SFO-leiar gjev informasjon til nye brukarar før søknadsfristen 31. mars. SFO-leiar møter elevane på vårskuledag for 1. trinn.

Mål

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gje barna omsorg og tilsyn. Dette følgjer av [opplæringslova § 13-7](#).

[Opplæringslova kapittel 9 A](#) om elevane sitt skulemiljø gjeld også for SFO. Kapittel 9 A handlar om retten til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO og plasserer ansvar for barn si tryggleik hos dei vaksne.

[Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar, skular og SFO](#)

Føremålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar, på skular, skulefritidsordning og leksehjelpordning fremjar barn og elevar si helse, trivsel, leik og læring, samt førebygging av sjukdom, skade og alvorlege hendingar.

Søknad og opptaksperiode

Søknadsfrist til hovudopptak er 31. mars med oppstart i august. Søknad om plass i SFO skjer digitalt med skjema som ein finn lenke til på Samnanger kommune si heimeside [Samnanger kommune - Skulefritidsordning \(SFO\)](#). Søknadar vert handsama fortløpande.

Ein kan også søkje SFO-plass gjennom skuleåret. Me tilbyr kjøp av ekstradagar etter søknad frå føresette. Dette tilbodet gjeld alle elevar i 1. - 4. klasse uavhengig av om ein har plass i SFO eller ikkje.

Tildelt SFO-plass varar til og med 4. trinn, eller til avtalen vert sagt opp av føresette.

Tildelt SFO-plass for barn med ekstra behov frå 5. - 7.trinn, varar til og med 7. trinn, eller til avtalen vert sagt opp av føresette.

Opningstider

Det ordinære SFO-tilbodet følgjer skuleruta, det vil sei 190 skuledagar med betaling over 10 månader. Ein betaler for heile juni medan juli og august er betalingsfrie månader.

Dagleg opningstid er frå kl. 07.00 til skulestart om morgonen, og frå skuleslutt til kl. 16.30 om ettermiddagen.

Opphaldstid

SFO-tilbodet har fylgjande alternativ:

Morgon frå kl. 07.00 til kl. 08.30. Ettermiddag frå kl. 14.00 til kl. 16.30

Grunna kortare skuledag om onsdagen er SFO si opningstid kl. 12.30 – kl. 16.30.

- a) 100 % plass (21,5 time)
- b) 65% plass (5 ettermiddagar)
- c) 63 % kombinasjonsplass (3 dagar morgon/ettermiddag)
- d) 42 % plass (3 ettermiddagar)
- e) 34 % plass (alle morgonar)
- f) Kjøp av einskilde morgonar/ettermiddagar
- g) Kjøp av einskilde dagar i feriar

Samnanger kommune gjev tilbod om SFO i seks ferieveker; i vinterferien, tre veke etter skuleslutt i juni, ei veke før skulestart i august og i haustferien. Påmeldinga er bindande og det blir kravd ekstra betaling for elevar som nyttar ferieope SFO.

Endring av påmelding må vere skriftleg og registrerast seinast 14 dagar før ferieope SFO om ein vil unngå krav om betaling.

Oppseiing og endring av SFO-plass

Oppseiing og endring av plasstype skal gjerast i Visma føresettportalen [Samnanger kommune - Skulefritidsordning \(SFO\)](#). Oppseiingsfristen er ein måned og vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken. Dersom ein ikkje skal ha plassen skuleåret etter, må dette meldast skriftleg og innan 1. april. Sluttar barnet etter 1. april betalar ein for plassen ut juni måned.

Oppseiingsfrist gjeld òg når føresette reduserer opphaldstida. Betalingsfrist er den 20. i kvar måned.

Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset satsar for opphald i SFO. Satsane vert gjort gjeldande frå 1. januar kvart år, og går fram av betalingsreglement for kommunen. Innbetalinga skal skje forskotsvis.

- ✓ Søskenmoderasjon: 30 % for 1. søsken og 50% for 2. søsken
- ✓ 12 timar gratis kjernetid pr veke, for 1. – 2. trinn. Gjeld og feriar.
- ✓ Gratis for 5. -7. trinn for barn med særskilde behov. Gjeld og feriar.
- ✓ Søknad om redusert foreldrebetaling etter [forskrift til opplæringslova](#)

Kombinasjon av ulike tilbod skal ikkje overskride kjøp av heiltidstilbod. Unntak er kjøp av feriedagar.

Leike- og opphaldsareal

SFO disponera ute- og inneareal ved skulen, som er eigna til føremålet. Areala skal vere godkjende etter [forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage](#).

Personale

Rektor ved Samnanger barneskule er administrativ leiar for SFO og har ansvar for at SFO er ein del av heilskapen på skulen. Opplæringslova og tilhøyrande forskrift fastset ikkje noko fast tal for tilhøvet mellom barn og vaksne. Samnanger kommune har 8 barn per vaksen nr. 1, og deretter 15 barn per vaksen nr 2, 3 og så vidare.

Det skal gjerast ei skjønnsvurdering ved tildeling av ressursar ut frå alder, gruppestorleik og barn med særskilde behov. Skulen si rutine for SFO syner korleis tryggleiken til barn og tilsett vert ivareteken dersom den tilsette er åleine på jobb.

Forsikring

Samnanger kommune har ulykkesforsikring for alle barn i skule og SFO. Samnanger kommune tek atterhald om at folketrygda og forsikringsselskapa gjer eigne vurderingar av dekning i kvar einskild sak. Utfyllande og supplerande reglar om dekninga finst i både folketrygdlova og forsikringsavtala.